

SANDVIKSBODER 69-72 AS
Kvernhusdalen 32
5308 KLEPPESTØ

Vedtak etter forvaltingslova § 35 om oppheving av vedtak om midlertidig freding av Sandviksboder 72 - gnr 168 bnr 364 - Bergen kommune - Askeladden ID 121939

Bergen kommune, Byantikvaren fatta 9. juni 2006 vedtak om mellombels freding
av Sandviksboder 72, med heimel i kulturminnelova §§ 22.4, jf.15. Bergen kommune hadde på det
tidspunktet delegert mynde etter kulturminnelova til m.a. å fatte vedtak om mellombels freding.
Dette myndet ligg no til Vestland fylkeskommune.

Vedtak

**Vestland fylkeskommune gjer med heimel i forvaltingslova § 35 vedtak om oppheving av vedtak
om midlertidig freding av 9.juni 2006 for Sandviksboder 72 etter kulturminnelova §§ 22.4 jf. 15.**

Bakgrunn

Sjøbodane i Sandviken utgjer eit særskilt verdifullt kulturmiljø og har vore karakterisert som eit
hamneteknisk kulturminne av internasjonalt format. Det som står att i dag, er grovt rekna rundt 20
% av dei bodane som stod på slutten av 1800-talet, og Sandviksboder 69-72 er kjernen i eit av
områda der ei større, samla gruppe bodar er bevart. Det er viktig at attverande sjøbodar vert sikra
gjennom eit formelt vern etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova, at dei vert sette i stand
og at det vert lagt til rette for ny bruk på bygningane sine premiss.

For Sandviksboder 69-72 har det dei siste fjorten åra vore ein prosess for å leggja til rette for
istandsetjing og ny bruk. Å sikra at dette vart gjort på ein antikvarisk forsvarleg måte var den
direkte bakrunnen for vedtak om mellombels freding i 2006.

Sandviksboder 72 med 3 etasjar og loft er ein god representant for sin type, og har mange
opphevlede kvalitetar bevart. I 2.etasje nord i svalgang er tidlegare kontor/ lystværelse, med rester
av barokk rankedekor malt på vegg, og fragment av fleire lag tapet. Nordre og vestre del av
Sandviksboder 72 kan være like gammal som Sandviksboder 70, medan den søndre delen etter alt å
døme er frå nær midten av 1800-talet. I tida nett før 1850 vart eit to-etasjes naust reist frå land og
ut til 70. Då vart ei av ei rekke omfattande og kompliserte samanbyggingar av 70 og 72 utført. Det
vart truleg utført endringer i tak-konstruksjonen i samband med dette, og det er rimeleg å tru at
utfylling fram til nr 70 kan ha vorte utført på denne tida. No kan også pakkboden på 71 ha fått nytt
fundament, eller steinfylling kring seg. Fundamenta til Sandviksboder 72 må skiftast ut, og som i
dei andre bygningane er tilstanden til laftet betre nedst, med aukande forfall oppover.

Både i seg sjølv og som del i det samla kulturmiljøet sjøbodane i Sandviken utgjer, har
Sandviksboder 69-72 regional og nasjonal kulturminneinteresse. Dette kjem til uttrykk i
reguleringsplan for Sandviksboder 69-72 (plan ID 18440000), vedteke 20.juni 2011 i Bergen
bystyre. Formålet med planen er å leggja til rette for ny bruk i bygningane, med målsettinga vern
gjennom bruk. Heile planområdet er regulert til omsynssone C, bevaring av kulturminne og
kulturmiljø. Planen har detaljerte føresegner for vern av interiøra. Alle eventuelle endringer i kva
som skal bevarast, samt plan for bevaring av spesifiserte element skal godkjennast av det
regionale kulturminnemyndet. Kulturminnemyndet skal også få alle tiltak innan planområdet til uttale.

Planen har med dette særskilt omfattande verneføresegner, og er laga for å kunna gje eit godt nok vern også om fredinga med heimel i kulturminnelova fell bort.

På bakgrunn av dette formelle vernet i reguleringsplan og av ei samla kulturminnerefagleg vurdering av alle attverande sjøbodar i Sandviken, inkludert ei prioritering av eit utval av bodar for permanent freding, fann Hordaland fylkeskommune i 2013 det rett å oppheve den mellombelse fredinga av Sandviksboder 69-72.

Hordaland fylkeskommune varsla i brev av 20.desember 2013 oppheving av vedtak om mellombels freding. Bergen kommune vurderte i brev av 27. januar 2014 at når attverande boder i kulturmiljøet Sandviken får objektvern gjennom kulturminnelova, ville det vere uheldig om Sandviksboder 69-72 med sine høge kulturminneverdiar skulle falle utanfor ein slik forvaltningspraksis. Bergen kommune ynskja at fredinga av Sandviksboder 69-72 ikkje vart oppheva.

Hordaland fylkeskommune varsla i brev av 24.november 2017 igjen oppheving av vedtak om mellombels freding, med same grunngjeving som i varselet frå 2013. Både eigar og Bergen kommune ynskja ikkje at fredinga skulle opphevast før eit istandsettingsprosjekt var fullført, eller sikra fullført. Bergen kommune viste til manglar i reguleringsplanen, og framheldt at utan fredingsstatus ville sjøbodene gå tapt som kulturminne av nasjonal verdi. For eigar var hovudargumentet ein føreseieleg prosess.

Trass ei lang sakshandsamingstid for mellombels freding valte Hordaland fylkeskommune å ta omsyn til desse innspela, og utsetje oppheving av fredinga til eit prosjekt for bustader vart ferdigprosjektert og sikra finansiering gjennom førehandssal i den opne marknaden. Prosjektet vart klart tidleg i 2019, og lagt ut for sal kring påske. Det lukkast dessverre ikkje å oppnå tilstrekkeleg førehandssal til å sikre finansieringa til prosjektet, og dermed istandsetting og bevaring av Sandviksboder 69-72 som kulturminne.

Eigar vurderte alternative prosjekt med rådgjeving frå Hordaland fylkeskommune fram mot årsskiftet 2020, men forsøka førtre ikkje fram til realiserbare prosjekt innafor rammene av forvalting etter kulturminnelova.

Vestland fylkeskommune tok tidleg i 2020 initiativ til samtaler med Riksantikvaren, eigar og Bergen kommune, for å sjå om det kunne finnast løysingar som til no ikkje var forsøkt. Det vart etter møte 17. april sendt førespurnad til Riksantikvaren om det, slik saka sto, kunne iverksetjast fredingssak etter kulturminnelova § 15, 19 evt. § 20, eller om fredinga skulle opphevast. Det vart halde synfaring med Riksantikvaren 15. juli 2020.

Riksantikvaren avgjorde i brev av 1. oktober 2020 at ein ikkje skulle gå vidare med fredingssak av Sandviksboder 69-72, at plan- og bygningslova er rett forvalting av sjøbodmiljøet, og at midlertidig freding av Sandviksboder 69-72 bør opphevast så snart som mogeleg.

Riksantikvaren konkluderte med at for mykje av kulturminneverdiene, slik saka står, må seiast å vere tapte. Til grunn for sin konklusjon vurderte Riksantikvaren særleg det store behovet for utskifting, og kostnader knytt til istandsetting, som tungtvegande. Det vart også vist til at sjøboder frå denne tida er godt representert på fredingslistene.

Vurdering

Hordaland og Vestland fylkeskommune har handsama ei rekke dispensasjonssøknader frå 2011 til 2020. I januar 2020 var vår vurdering at når ei lang rekke vidtgåande dispensasjoner var gjevne, og prospektet framleis ikkje oppnådde sal i marknaden, og dermed finansiering av istandsettingsprosjektet, var handlingsrommet for forvalting etter kulturminnelova i det alt vesentlege uttømt. Kontakt med partane, og førespurnad til Riksantikvaren om vegen vidare, hadde dette som bakgrunn.

Sjøbodene i Sandviken og i Skuteviken er godt representert på fredingslistene, og når det ligg føre ein reguleringsplan der Sandviksboder 69-72 er gjeve eit formalisert vern, reduserer dette behovet for å føre fram fredingssak, jf. våre varsel om oppheving av freding i 2013 og 2017. Hordaland fylkeskommune gjorde i 2013 ei samla prioritering av sjøbodene i Sandviken, og Sandviksboder 69-72 var ikkje mellom dei som vart høgast prioritert. Det har difor sidan 2013 vore fylkeskommunen si vurdering at det ikkje skal startast opp fredingssak for Sandviksboder 69-72.

Vi er samde med Riksantikvaren i at skadebiletet er så stort at det vil være behov for omfattande utskiftingar, og refundamentering. Skadebiletet vi ser i Hordaland fylkeskommune si registrering frå 2018 viser noko større skader enn registreringa frå november 2009, skilnadene er samstundes ikkje vesensforskjellige. Men prosjekteringen og sakshandsaminga har sidan 2008 vist at det også vil vere behov for utstrakt tilrettelegging slik at det er mogeleg å bu i sjøbodene, og i tillegg vil dette krevje store økonomiske ressursar. Når kulturminneverdi og fredingsrepresentasjon er vurdert kan det neppe forsvast å bruke så store enkeltløyvingar frå offentlege støtteordningar. Det store behovet for utskifting og tilrettelegging for bustader vil dessutan i stor grad svekke den materielle autentisiteten, og opplevinga av bygningane som sjøboder. Desse høva gjeld for både det samla kulturmiljøet, og kvar enkelt av bygningane i kulturmiljøet. Heller ikkje fredingsstrategien gjev eit særleg grunnlag for å igangsette freding av kulturmiljøet, eller deler av det.

Som nemnt ovafor er det formelle handlingsrommet for forvalting etter kulturminnelova i all hovudsak uttømt. Dei utfordringane desse kulturminna har, og dei økonomiske støtteordningane vi rår over, vil ikkje strekke til for å oppnå finansiering av eit istandsettingsprosjekt. Det er då stort sannsyn for at forfallet ikkje vil stoppast, men halde fram og akselerere. Etter vår vurdering kan berre eit finansiert prosjekt som legg til rette for ny bruk redde Sandviksboder 69-72 som kulturmiljø.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune seier seg etter den konkrete vurderinga ovafor samd med Riksantikvaren i at slik saka står, må det konkluderast med at den mellombels fredinga av Sandviksboder 69-72 må opphevast.

Det følgjer av forvaltingslova § 35 a) at eit forvaltingsorgan kan gjere om eit vedtak utan klage om vedtaket ikkje er til skade for den vedtaket rettar seg mot eller tilgodeser. Det kan i denne saka ikkje sjåast slik skade, og vilkåret for å fatte vedtak er dermed til stades.

Etter 2 varsel om oppheving av vedtak om midlertidig freding av Sandviksboder 69-72, i 2013 og 2017, og møte med kommune og eigar mellom 2018 og 2020, er saka vel kjent for partane. Det vurderast ikkje som naudsynt å varsle på ny, når partane får vedtaket tilsendt.

Vestland fylkeskommune gjer med heimel i forvaltingslova § 35 vedtak om oppheving av vedtak om mellombels freding av 9.juni 2006 for Sandviksboder 72 etter kulturminnelova § 22.4 jf. §15.

Konsekvensar av at fredinga vert oppheva

Når fredinga er heva vil ikkje eigar måtte søkja om dispensasjon frå Lov om kulturminne til tiltak, då reglane etter kulturminnelova fell bort. Føresegner og alminnelege byggjesaksreglar etter Plan- og bygningslova vil framleis gjelde.

Retten til å søkja fylkeskommunen om statlege tilskot etter kap. 1429 post 71 Freda hus i privat eige frå statsbudsjettet fell bort. Eigar kan i staden søkja om tilskot til tiltak på verneverdig bygning hjå Norsk kulturminnefond og andre.

Følgjer av vedtaket for naturmangfaldet

Prinsippa i lova av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved offentleg sakshandsaming som kan vedkome naturmangfaldet. Vestland fylkeskommune har vurdert konsekvensane av opphevingsvedtaket mot reglane i lova. Vi kan ikkje sjå at vedtaket får nokon negative følgjer for naturmangfaldet.

Klagerett

Dette vedtaket kan pålagast innan tre veker etter at det er motteke, jf. forvaltingslova §§ 28 og 29.

Opplysningar om saksgang

Oppheving av fredingsvedtak følgjer sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltingslova kap. IV-VI. Vedtaket skal grunngjenvært og kan pålagast innan tre veker etter at det er motteke. Ein eventuell klage skal stilast til Riksantikvaren, men sendast Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

David Aasen Sandved
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE Postboks 7700
RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika